

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fjaler kommune 2020-2024



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Innhald

1. Innleiing	3
2. Rusmiddelsituasjonen i Noreg og lokalt	4
3. Fjaler kommune sine mål for det rusmiddelpolitiske arbeidet	6
4. Tiltaksplan.....	7
5. Frivillige organisasjonar	10
6. Alkoholpolitiske retningslinjer 2020-2024	12
1. Innleiing	12
2. Heimele	12
3. Definisjonar	12
4. Ansvar og delegering	13
5. Løyveperiode	13
6. Vilkår for sals- og skjenkeløyver	13
7. Inndraging av bevilling.....	15

1. Innleiing

Ein vellykka ruspolitikk kan ikkje organiserast, løyvast eller regulerast. Det handlar om haldningar, handlingar og om kjensler. Det handlar om å få til dei gode tenestene der brukaren står i sentrum.

Rusmiddelproblem er samansette. Det tilseier at planen bør være både tverrfagleg og tverretatleg. Den bør omhandle alle sider av kommunen sitt rusmiddelarbeid.

Føremålet er at kommunen sitt rusmiddelpolitisk arbeid blir sett i ein heilskapleg samanheng. Det er difor behov for å gå gjennom, systematisere og samordne tiltak innan førebygging, behandling og rehabilitering for å kunne gje eit betre og heilskapleg tenestetilbod.

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet og utgjer ei stor utfordring med konsekvensar som fysiske og psykiske helseproblem, ulykker, kriminalitet, arbeidsuføre med meir. Det er difor viktig at kommunen satsar på å vere oppdatert og jobbe aktivt på dette området.

1.1 Rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020

Etter alkoholova §1-7d er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan som skal rullerast kvart fjerde år. I 1999 presiserte departementet at planen skal ta opp alle dei rusmiddelpolitiske spørsmåla som kommunane står framfor, og at planen skal nemnast rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Fireårsperioden varer til seinast 30.september året etter nytt kommunestyre tiltrer. Planen er difor sett til å gjelde til 30.september 2024.

Rullering av 2020 er gjort ved at folkehelsekoordinator har oppdatert planen. Nye tal for rusmiddelsituasjonen er tatt inn. Tiltakslista er gått igjennom med alle som har ansvarlege punkt, og oppdatert slik at dei er gjeldande for neste periode. Planen er bygd opp med ein rusmiddelpolitisk del, og ein del med dei alkoholpolitiske retningslinjene.

1.2 Heimel

Kommunen er pålagt å løyse ei rekke oppgåver på rusmiddelfeltet, blant anna i følgande lover:

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. ([alkoholloven](#))
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. ([alkoholforskriften](#)).
- Lov om serveringsvirksomhet ([serveringsloven](#)), LOV-1997-06-13-55 med endringar.
- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen ([sosialtjenesteloven](#))
- Lov om folkehelsearbeid ([folkehelseloven](#))
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester ([helse- og omsorgstjenesteloven](#)).

2. Rusmiddelsituasjonen i Noreg og lokalt

Som rusmiddel reknar vi alkohol, vanedannande legemiddel og ulovlege rusmiddel (narkotika). Tobakk og snus reknast ikkje som rusmiddel, men er med i planen.

2.1 Alkohol

Alkohol og livsstilsjukdommar

Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk. Bruk av alkohol er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tap av friske leveår i befolkninga. Personar med høgt alkoholforbruk har større risiko for sjukdom og død enn personar som har lågare alkoholforbruk. Vi veit at alkoholbruk aukar risikoen for kreft i munn, svelg, eterøyr, lever, tjukk- og endetarm, bryst og magesekk. Høgare inntak av alkohol er også klart forbunde med auka risiko for hjarte- og karsjukdommar, særleg hjerneslag (fhi.no).

Hovudtrekk i Noreg

- I gjennomsnitt drikk nordmenn i alderen 15 år og eldre nesten 7 liter rein alkohol per år
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre.
- Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over.
- Sidan 2008 har alkoholforbruket gått ned.
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.

Lokale data

[Folkehelseundersøkinga](#) vart gjennomført i Sogn og Fjordane i 2019. Undersøkinga vart utført på dei over 18 år. Data frå undersøkinga er delt opp i fire regionar. HAFS/Ytre Sogn er ein region.

Når det gjeld mål på alkoholbruk og moglege alkoholproblem er det lite variasjon i skår på tvers av regionane. HAFS/Ytre Sogn ligg litt over gjennomsnittet for fylket, men det er ikkje ein signifikant forskjell frå dei andre regionane. Fordelt etter utdanning ser ein lågare skår blant dei med lågast og dei med høgast utdanning, enn dei to gruppene i midten. Fordelt etter kjønn og aldersgrupper ser vi ein alderstrend der gjennomsnittsskåren går ned med aukande alder. Aldersforskjellen er særleg tydeleg mellom dei to yngste aldersgruppene (18-29 år mot 30-39 år). Menn har ein høgare gjennomsnittsskår enn kvinner innan kvar aldersgruppe.

[UngData](#)-undersøkinga vart gjennomført i Fjaler i 2017, både på ungdomsskulen og dei vidaregåande skulane.

Undersøkinga syner at det er få av ungdomsskuleelevane som har vore fulle. Det er få skilnader mellom gutar og jenter sine alkoholvaner. Det er fleire i 10.klasse enn 8.klasse som har vore tydeleg

rusa siste året. Det er ikkje noko tydeleg tidstrend på kor mange som drikk, heller variasjonar mellom trinn frå år til år.

På vidaregåande er det fleire elevar i Fjaler enn gjennomsnittet for landet som opplys at dei har vore rusa på alkohol siste året (frå undersøkinga 2017). Ser ein på dei ulike trinna er det færre på 1.trinn som drikk månadleg eller kvar veke enn det er på 3.trinn.

Undersøkinga har vor gjennomført to år tidlegare, i 2011 og 2015. Ser ein på utviklinga over tid er det ikkje nokon tydeleg tidstrend på kor mange som drikk, og kor mykje ein drikk. Det ser heller ut som der er variasjonar på dei ulike trinna.

2.2 Narkotiske stoff

Hovudtrekk i Noreg

- Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga.
- Kokain er det nest mest brukte rusmiddelet, etterfølgt av ecstasy/MDMA og amfetamin. Dette viser både undersøkingar i den generelle befolkninga og i utelivsbransjen. Det har truleg vore ein auke i bruken av ecstasy/MDMA dei siste åra, noko som blir underbygd av ein auke i talet på beslag.
- Bruk av cannabis var relativt stabil i perioden 2012-19.
- Dei fleste som meldte om cannabisbruk rapporterte bruk 1-5 gonger i løpet av livet.
- Cannabisbruk siste 12 mnd. og siste 4 veker er mest utbredt i de yngste aldersgruppene.
- Fleire menn enn kvinner bruker cannabis.
- Bruk av sentralstimulerande stoff – kokain, amfetamin og ecstasy/MDMA – har vært stabil i perioden 2013-19. Desse stoffa er også mest utbredt blant menn og i dei yngste aldersgruppene.

Lokale data

i UngData-undersøkinga vert det spurt om ein har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året. På ungdomsskulen er det 1 % som svarar «ja» på dette spørsmålet. På vidaregåande er det 10 % som svarar at dei har brukt cannabis siste året. Det er under snittet for landet for begge grupper.

3. Fjaler kommune sine mål for det rusmiddelpolitiske arbeidet

3.1 Nasjonale mål og strategiar

I følge opptappingsplanen for rusfeltet (2016-2020) er overordna mål å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet.

Overordna mål delast inn i fem hovudmål:

- Mål 1: Tydeleg folkehelseperspektiv
- Mål 2: Betre kvalitet og auka kompetanse
- Mål 3: Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering
- Mål 4: Forpliktande samhandling
- Mål 5: Auka brukarinnflytelse og betre ivaretaking av barn og pårørande

3.2 Mål og strategiar for kommunen

Fjaler kommune ser det som fornuftig å arbeide etter dei same måla som nasjonale strategiar legg opp til.

Det overordna målet for Fjaler kommune er difor å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet.

Hovudmåla for Fjaler er knytt til den nasjonale strategien sine fem hovudmål:

Mål 1: Tydeleg folkehelseperspektiv

Førebyggje og redusere bruk av rusmidlar, spesielt blant barn og unge. Fokus på bevisstgjerings av foreldre.

Mål 2: Betre kvalitet og auka kompetanse

Auke kompetansen på rus blant tilsette i kommunen.

Mål 3: Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering

Betre samhandling internt i kommunen, og mellom kommunen og spesialisthelsetenesta. Fremme tverrfagleg samarbeid.

Mål 4: Forpliktande samhandling

Ha ein ansvarleg sals- og skjenkepolitikk. Etablere rusfrie soner der barn og unge ferdest.

Mål 5: Auka brukarinnflytelse og betre ivaretaking av barn og pårørande

Arbeide for å få eit heilskapleg tenestetilbod til rusmisbrukarar og deira pårørande.

4. Tiltaksplan

Mål: Førebyggje for å redusere bruk av rusmidlar, spesielt blant barn og unge.				
Tiltak		Ansvarleg	Føremål	Merknad
1	FRI (Røykfri-kampanjen)	FUS	Førebyggje helseskadar	Frå 8.-10.klasse
2	Fristil førebyggingsprogram	Våge skule	Styrke identitet, setje grenser	Frå 8.-10. klasse
3	Ikkje byrje/slutte med tobakk. Kontraktar med premie. Markering av verdas tobakksfrie dag.	Dale vgs. - folkehelsegruppa	Førebyggje helseskader	Alle trinn
4	Undervisning om rus til born og unge	FUS og Våge skule	Lære om rusmiddel og skadeverknadar. Bevisstgjere eigne haldningar.	Evt. samarbeid med helsesjukepleiar og andre
5	Informasjon frå Dale vgs til 10.klassingar.	Rådgjevar ved Dale vgs i samarbeid med skulane	Informasjon om skuleval og førebyggje dropout på vgs.	Sjå på mogelegheitene for at denne info og kan gjevast før.
6	Markere verdsdagar som verdsdagen for psykisk helse og tobakksfri dag.	Frivilligsentralen og folkehelsek. med andre	Informere og bidra til god folkehelse. Bevisstgjerer.	Psykisk uhelse og alkoholbruk heng saman.
7	Individuell oppfølging. Utdeling av informasjon/ brosjyrar/plakat.	Helsesjukepleiar	Gje individuell informasjon og rettleiing.	Helsestasjon ein dag i veka på Dingemoen, FUS, Våge skule og Dale vgs.
8	Lovpålagte helsestasjonsoppgåver. Psykisk helse i skulen	Helsesjukepleiar	Bidra til god folkehelse og tidleg intervensjon	Viktig at dette er ei regelmessig tenestene gjennom skuleåret. Her kan ein ha ein god dialog mellom helsesjukepleiar og heim, skule, elevlar.
9	Oppfølging av elevlar ved UWC (individuell og i grupper).	UWC helsesjukepleiar Miljøkoordinator /Director of Residential Life og lærerlar.	Hindre bruk av rusmiddel blant elevane	Arbeide for å utvikle samarbeid med kommunen.
10	Rutine for å ta opp tema rus (alkohol, tobakk, medikament) med gravide.	Jordmor	Førebyggje rusmisbruk og skade på foster.	
11	Trivselsskapande tiltak for born og vaksne, som Samvirket og BUA.	Frivilligsentralen, lag og organisasjonar.	Fremme gode oppvekstvilkår og trivsel som bidrar til god folkehelse og gjere kommunen attraktiv for ungdom i helgene.	Innbyggjarane må få informasjon om aktivitetar som skjer i kommunen.
12	Skyss-ordninga «heim for ein 50 lapp».	Kulturkontoret	Tilbod til barn og unge for å bidra til at dei kjem	Søker om midlar frå fylkeskommunen.

			seg trygt heim frå arrangement/fest.	
13	Tilskot til aktivitetar for barn og unge	Ungdommens kommunestyre	Tildeler midlar etter søknad for å bidra til aktivitetar.	
14	Arbeide for gode haldningar blant foreldra. Foreldremøte med tverrfagleg informasjon.	Skulane i samarbeid med helsesjukepleiar og andre.	Førebygge ved at foreldre er tydelege og grensesettande rollemodellar.	Opplyse om rusmiddel, skadeverknadar og korleis observere og oppdage bruk.
15	Ungdomsundersøking om blant anna rusvaner	Folkehelsekoordinator	Kartlegge både helse og rus. 8.-10 klasse og Dale vgs	Sist gjennomført i 2017. Planlagt 2021.
16	Legetenesta aktiv i førebyggjande arbeid	Legane	Folkehelsefokus og førebygging.	Driv førebygging gjennom pålagte fastlegeoppgåver.
17	Vidareføre Akan-kontakt. Vere tilgjengeleg ved saker.	Fjaler kommune	Ha moglegheit for akan-kontrakt i tilfelle der det vert aktuelt.	Fjaler kommune har Akan-kontakt.
18	Aktiv på dagtid/frisklivssentral	Fysio- og ergoterapitenesta	Førebyggjande og helsefremmande	2020 i fire bygder, ein viktig sosial møteplass. Potensiale for utvikling av møteplassen.
19	Føl opp elevar som bur på hybel	Miljøkoordinator ved Dale vgs	Trivselsskapande og førebyggjande	Informasjonsmøte, hybelbesøk og ulike aktivitetar på skulen. Mellom anna open skule kvar torsdag.
20	Trygg russetid/ungdomstid	Dale vgs v/ miljøkoordinator i samarbeid med SMISO/Lensmannen i Fjaler/Statens vegvesen og helsesjukepleiar.	Tema: Trafikktryggleik, rus, seksuell helse og aktuelle lover og reglar.	Halv temadag i mars/april for alle avgangselevane.

Mål: Betre samhandling internt i kommunen, med nabokommunar og med spesialisthelsetenesta. Fremme tverrfagleg samarbeid.

Tiltak		Ansvarleg	Føremål/kommentar	Merknad
21	Tverrfagleg samarbeid og individuell oppfølging.	Samhandling per i dag på enkeltbrukarar mellom fastlegane, psykisk helse og NAV.	Sikre heilskapleg behandling og tenestetilbod. Ruskoordinator vil bidra til å lage gode rutinar for samarbeid.	Alle er ansvarleg for å trekkje inn aktuelle samarbeidspartnarar Tidleg intervensjon i omsorgssviktsaker kan førebygge seinare rusvanskar.
22	Utarbeide og gjere kjent retningslinjer for kommunalt rusarbeid	Ruskoordinator	Utvikle målretta arbeid og planarbeid på feltet	

23	Betre informasjon om einingane sitt tilbod.	Leiarar og tenestekontor/koordinerande eining. Alle som jobbar i kommunen	Sikre heilskapleg oppfølging og godt samarbeid slik at alle som arbeidar med rus er kjent med kvarandre sine oppgåver/ansvar.	Leiarane har ansvar. Informasjon til tilsette.
24	Fjaler på tvers Setje tverrfagleg samarbeid i fokus.	Tenestekontoret	Ta opp bekymringssaker vedrørande barn og unge. Tverrfagleg forum.	Deltek: Ruskoordinator, helsesjukepleiar, PPT, Nav, psykisk helse, BIO leiar, legane

Mål: Ha ein ansvarleg sals- og skjenkepolitikk. Etablere rusfrie soner der barn og unge ferdest.

Tiltak		Ansvarleg	Føremål/kommentar	Merknad
25	Rusfrie soner spesielt der barn og unge ferdest	Kommunestyre	Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve som ivareteke born og unge.	Vert godkjent i kommunestyre kvart fjerde år.
26	Sals- og skjenkekontroll	Kommunestyre	Sikre at sals- og skjenkestadar føl alkohollova.	Godkjennast kvart fjerde år.
27	Informasjon til sals- og skjenkestadar om alkohollova, vurdere informasjon om ansvarleg vertskap.	Ansvarleg for tildeling av løyve.	Sals- og skjenkestadar skal kjenne gjeldande lovverk, samt ha kunnskap til å ha gode interne rutinar for sal/skjenking av alkohol.	Lage informasjonsmateriell som bidrar til ansvarleg vertskap på sals- og skjenkestadar.
28	Haldningsskapande arbeid blant frivillige lag og organisasjonar. Årleg kontaktforum.	Frivilligsentralen.	Informasjon om alkohol på arrangement og rutiner for utleige.	
29	Fortsette som «Av og til»- kommune.	Folkehelse-koordinator	Få tilgang til informasjon/ materiell som kan nyttast i førebyggjande arbeid	Fokus på folkehelse. Alkoholbruk kan gi betydelig redusert helse.

Mål: Arbeide for å få eit heilskapleg tenestetilbod til rusmisbrukarar og deira pårørande.

Tiltak		Ansvarleg	Føremål	Merknad
30	Aktivt oppsøkande og direkte arbeid.	Ruskoordinator	Arbeide i felten. Direkte kontakt. Sentralt står brukarmedverknad.	Ny ruskoordinator haust 2020
31	Innarbeide pakkeforløp psykisk helse/rus.	Ruskoordinator	Styrke kommunen sitt arbeid på rusområdet.	
32	Lage rutinar for kartlegging av rusmiddelbruk/misbruk. NAV, barnevern, psykisk helse, helsestasjon/ jordmor, heimetenesta.	Ny ruskonsulent saman med einingane.	Få oversikt over personar med rusmisbruk og sikre forsvarleg hjelp.	Lage skjema til bruk i kartlegging. Legane kartlegg rusbruk i dag. Tenestene i samarbeid med ruskonsulent.

33	Avdekke rusvanskar og samarbeid med andre einingar knytt til dette.	Barneverns-tenesta (BVT) i samarbeid med andre	Avdekke rusvansker hos vaksne og barn. BVT har særleg ansvar for barn og unge.	
34	Motiverande samtalar og heimebesøk. Behandling av rusmisbruk, oppfølging av brukarar.	Ruskoordinator, fastlege og helsetenestene. NAV	Samarbeid med 2.linjetenesta,heimetenesta. Sikre god oppfølging av brukarar.	Viktig å informere om Rusettervernet og deira tilbod. NAV har ansvar for oppfølging av arbeid og økonomiske forhold.
35	Rehabilitering/habilitering Individuell plan og oppfølging. Ansvarsgruppe. Samhandling med spesialisthelsetenesta.	Tenestekontoret ansvarleg. Fastlege og andre samarbeidspartar i NAV og helsetenesta.	Kartlegge behov. Gje råd, støtte og bidra til meistring. Sikre heilskapleg tilbod med bustad, økonomi, arbeid og fritidstilbod.	Lage gode rutinar for tverrfagleg samarbeid. Tenestekontoret saman med ruskoordinator.
36	Samarbeid med Rusettervernet (Redningsvesten og Redningsplanken). Opplyse aktuelle brukarar og pårørande.	Alle aktuelle einingar.	Kontaktperson kan vere ressurs i undervisning, temadagar, oppfølging og samtalar. Opplyse om tilbod til aktuelle personar og pårørande.	Støtte opp om frivillig arbeid med rus.
37	LAR behandling og oppfølging av denne	Psyk.avdeling. Evt. vidareføring til fastlege.	Sikre god oppfølging av brukar.	
38	Søke om akutt hjelp/ institusjonsplass	Fastlege	Søke brukar til utredning og behandling.	
39	Lågterskeltilbod som støttekontakt og treningskontakt	Helse og omsorg	Tenester som bidrar til å auke livskvalitet og helse.	Samarbeidar med rusettervernet
40	Ernæringsretteleing og samtalar med psykisk helse	Helsetenesta	Sikre heilskapleg tilbod	
41	Individuell plan og ansvarsgruppe	Helse og omsorg Koordinator som samordnar tenestene	Sikre heilskapleg tilbod med bustad, arbeid og økonomi, fritidstilbod.	Viktig å avklare kven som skal vere koordinator.
42	Arbeidstretta tilbod	Vevang Produksjon A/S	Attføring tilbake til arbeid eller tilrettelagt arbeid i ein periode	Nav og kommune kan bestille dag tilbod til brukarar.
43	Brukarplan	Helsetenesta	Ta i bruk kartleggingsverktøyet Brukarplan.	

5. Frivillige organisasjonar

Rusettervernet i Sogn og Fjordane kan tilby kompetanse innan fleire tema når det gjeld rus. Redningsvesten og Redningsplanken har fungert som eit forlenga tilbod innan ettervern både for Fjaler, Hyllestad og Askvoll kommune. Pr d.d. er begge gruppene i regionen i dvalemodus, men ikkje oppløyst. Gruppene har ikkje lenger faste møter, men kontaktpersonar er tilgjengeleg også for samarbeid i kommunen sitt arbeid innan rusfeltet.

T.d. er ein ressurs som kan nyttast inn mot undervisning i skulen/AKAN-opplegg i bedrifter/temadagar innan rus, ein-til-ein samtalar med pasientar før/under/etter rusbehandling og i samtalar med pårørande. Dei kan også være ei støtte i pasienten sin forståing av diverse prosessar i det å halde seg rusfri, basert på egne erfaringar og kan også være ei støtte i forståinga av system/byråkrati. Dei kan også bidra med tilsyn ved bruk av Antabus, anten ved personleg oppmøte eller via t.d Skype.

Pr. d.d kan Rusettervernet tilby regionen tilgjengeleg kompetanse innan diverse typar rusavhengighet (alkohol, narkotika, pillar i ymse kombinasjonar), variasjon i alderen 30-70 år, tid som rusfri frå 1 til 30 år, ulike kulturelle og sosiale bakgrunnar, ulike grader av erfaringar frå hjelpeapparat og ulike ståstader i livet som rusfri. Enno er det berre menn tilgjengeleg, men det vert jobba for å få fleire kvinner som representerer ulike rusbakgrunnar. Det er også ein stor kompetanse tilgjengeleg innan pårørandeperspektivet, både til dei som er i aktiv rus og dei som lyt forholde seg til ein rusfri relasjon.

6. Alkoholpolitiske retningslinjer 2020-2024

1. Innleiing

Alkohollova § 1-7 d pålegg kommunane å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Fjaler kommune sin alkoholpolitikk bygger i løyveperioden 2020 – 2024 på alkohollova sitt formål om å avgrense skader forårsaka av alkoholbruk, og redusere forbruk av alkohol. I tråd med hovudmålsetjinga i planen vil Fjaler kommune føre ein gjennomdrøfta sals- og skjenkepolitikk. Ved tildeling av sals- og skjenkeløyve skal det takast ei politisk drøfting og vurdering opp mot målsetjinga om å redusere total forbruk av alkohol og førebyggje rusmiddelskadar.

Retningslinene skal

- vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen i perioden, og eit viktig verkemiddel for i størst mogleg utstrekking å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere
- vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stader der det er naturleg å selge og servere alkohol
- særleg bidra til å skjerme barn og unge mot alkoholmisbruk
- sikre at næringa får føreseielege rammevilkår
- vere balansert mellom alkohollova sitt formål om å avgrense alkoholbruken, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.
- vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med å skape bevisste haldningar til rusmidlar hos innbyggjarane i kommunen.

Kommunen skal jobbe for, og legge til rette for eit trygt og godt lokalsamfunn for innbyggjarane, jfr Folkehelselova § 4.

2. Heimel

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven), LOV-1989-06-02-27 med endringar.
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften), FOR-2005-06-08-538 med endringar.
- Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven), LOV-1997-06-13-55 med endringar

3. Definisjonar

- Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholholdig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholholdig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Alkoholholdig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

4. Ansvar og delegering

Retningslinjene vert godkjent i Fjaler kommunestyre

Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og rådmannen.

5. Løyveperiode

I samsvar med alkohollova §1-6, vert eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Fjaler vidareført i 4 nye år utan krav om ny søknad, og vert gjeldande i lengste tid til 30. september 2024.

Administrasjonen innhentar opplysningar om kvar einskild skjenke- og salsplass, slik at ein får oppdatere register og gjere nødvendige kontrollar av desse løyva.

Nye løyve som vert søkt om i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i 4 år og med opphøyr seinast 30. september 2024. Etter neste kommuneval må kommunestyret igjen ta stilling til ei eventuell forlenging av løyva i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad.

6. Vilkår for sals- og skjenkeløyver

6.1 Vilkår for salsløyver

- Den som ynskjer å selje alkoholhaldig drikk frå butikk må søkje om salsbevilling. Salsløyve kan tildelast daglegvareforretningar og andre spesialutsal. Det kan ikkje gjevast løyve til sal av øl og rusbrus til bensinstasjonar og kioskar jf. forskrift til alkohollova §3-4.
- Vesentleg karakterendring av salsstaden i løyveperioden føreset ny løyvesøknad straks.
- Ved verksemdsoverdraging kan ny eiger drive på eksisterande bevilling i inntil tre månader. Men då må melding om verksemdsoverdraging og søknad om ny bevilling vere levert kommunen innan 30 dagar etter at overdraginga har skjedd.

6.2 Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl 08.00 til kl 20.00 på kvardagar
- På dagar før søndagar og helgedagar skal sal og utlevering opphøre kl 18.00, unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. 1. og 17. mai er her ikkje å rekne som helgedagar.
- Etter lov om heilagdagdar skal butikkar stenge klokka 16.00 på jul-, påske- og pinseaftan.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk skal ikkje skje på søndagar og heilagdagdar, 1. og 17. mai.

6.3 Vilkår for skjenkeløyver

- Den som ynskjer å drive skjenking av alkohol må først søkje om alminneleg bevilling for skjenking av alkoholhaldig drikk.
- Det må søkjast om ny bevilling ved vesentleg endring i eigarsamansetninga eller endring av konsept for verksemda
- Ved verksemdsoverdraging kan ny eiger drive på eksisterande bevilling i inntil tre månader. Men da må melding om verksemdsoverdraging og søknad om ny bevilling vere levert kommunen innan 30 dagar etter at overdraginga har skjedd.

6.4 Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk

Opningstider

- Serverings- og skjenkestadene i Fjaler kommune skal halde stengt mellom kl 02.30 og kl 06.00.

Skjenketider

Alkoholklasse	Skjenketid inne	Skjenketid ute
Alkohol klasse 1	12:00-02:00	12:00-24:00
Alkohol klasse 2	12:00-02:00	12:00-24:00
Alkohol klasse 3	14:00-01:00	14:00-24:00

6.5 Konsumering

- All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta ½ time etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper. Dette gjeld både uteservering og inneservering.
- Skjenketidene er like for alle dagar

6.6 Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlenga del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for omsøkt uteservering, må det føreligge godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal.

6.7 Skjenkeløyve i einskildhøve

Det fins ulike typar skjenkebevilling for einskildhøve, avhengig av om det er slutta lag eller opent arrangement:

- Ambulerande bevilling (deltakarar i slutta selskap).
- Alminneleg bevilling for einskildhøve- opent arrangement 1-6 dagar.
- Alminneleg bevilling for einskildhøve- opent arrangement utover 6 dagar.
- Utviding av eksisterande bevilling for eit einskildhøve

Når ein søker om bevilling reknar kommunen med at det er gjort avtale med utleigar av lokale og/eller uteareal. Skjenkestaden skal vere godkjend av bygningsmyndigheitene og av Mattilsynet. Bevilling for einskildhøve kan ikkje tildelast til lokalar som har fast skjenkebevilling då det ikkje kan vere to bevillingar på same lokale.

Løyve til skjenking ved enkeltarrangement skal vere i samband med særskilde arrangement. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement (eller) arrangement i tida der born og unge er ei viktig målgruppe.

Ambulerande skjenkebevilling

Skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til deltakarar i slutta selskap i samband med arrangement som jubileum, bryllaup med vidare

Det er oppretta 2 ambulerande bevillingar for utøving på stad som godkjennast for skjenking til deltakarar i slutta selskap for eit einskild høve. Løyva er ikkje knytt til bestemte personar eller skjenkestadar.

Når treng ein ambulerande bevilling?

Det kan serverast og drikkast alkoholholdig drikk utan bevilling i et leigd lokale, når ein privat person arrangerer selskap for ein slutta krets av familie eller venner, slik som ved bryllaup, fødselsdag eller liknande. Det er eit vilkår at alkoholserveringa er utan betaling, og at utleigar av lokalet ikkje står for andre delar av arrangementet enn sjølve utleiga av lokalet.

Dersom utleigar av lokalet står for innkjøp eller servering av mat eller drikke, vil det krevje bevilling, sjølv om dette gjerast utan vederlag. Det krev og bevilling i dei tilfella eit eksternt firma står for innkjøp eller servering av både mat og alkohol. For at ein kan ha alkoholservering utan bevilling, må dei alkoholhaldige varene alltid skaffast av privatpersonane sjølv, på same måte som om festen var heime.

Det er likevel ikkje noko til hinder for at ein bestiller mat frå eksterne firma, så framt dette ikkje involverer innkjøp eller servering av alkohol. Vilkåret om at utleigar ikkje må vere involvert i arrangementet er absolutt. Føresegna er likevel ikkje til hinder for at det i lokala finst musikkanlegg, kjøkken, serveringsutstyr og liknande som vert stilt til disposisjon for den som leiger lokalane.

Viss det direkte eller indirekte krevjast vederlag for alkoholholdig drikk **må** ein alltid ha skjenkebevilling.

Alminnelig skjenkebevilling (1 - 6 dagar)

Skjenking alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2 og 3 for eit einskild opent (offentleg) arrangement på 1 – 6 dagar som til dømes konsertar, teater, festivalar med vidare

Alminnelig skjenkebevilling (ut over 6 dagar)

Skjenking alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2 og 3 for eit einskild opent (offentleg) arrangement på 1 – 6 dagar som til dømes konsertar, teater, festivalar med vidare

Utviding av bevilling for arrangement

Innehavar av ordinær skjenkebevilling kan og søkje om utviding av bevilling for eit einskild høve dersom arrangement skal finne stad i direkte tilknytning til skjenkestaden (til dømes telt utanfor).

7. Inndraging av bevilling

Frå og med 01.01.2016 gjeld det eit nasjonalt prikktildelingssystem for sanksjonar ved brot på alkohollova. Presentasjon av prikkssystemet finn ein i [alkoholforskrifta](#).

Bestemmelsane om prikktildeling og inndraging gjeld der kontroll gjennomført i samsvar med alkoholforskrifta, eller rapport frå andre myndigheiter, avdekkar at innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve ikkje har

- oppfylt sine plikter etter alkohollova
- oppfylt sine plikter etter bestemmelsar gjeve i medhald av alkohollova
- oppfylt sine plikter etter bestemmelsar i lov eller i medhald i lov som har samanheng med alkohollova sitt formål
- oppfylt sine plikter som følgjer av vilkår i løyvevedtaket

7.1 Overtredings- og inndragingsperiode

Oppteningsperioden er sett til to år, med start 01.01.2016. Viss ei bedrift får 12 prikkar i løpet av perioden, vil bevillinga inndragast i ei veke. Dersom det i oppteningsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

7.2 Særlege omstende

Dersom det ligg føre heilt spesielle og sær sars formildande tilhøve, kan kommunen tildele færre prikkar for eit brot

Dersom det ligg føre sær skjerpande tilhøve, kan kommunen tildele fleire prikkar for eit brot. Kommunestyret kan ved sær skjerpande tilhøve og auke lengda på inndragingar, i de alvorlegaste tilfella for resten av bevillingsperioden.

Dersom ovannemnde omstende vert lagt vekt på, skal dette begrunnast særskilt i vedtaket

7.3 Kommunen sine rutinar ved overtredelsar

- Der det ligg føre grunnlag for prikktildeleg, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar, jfr. Forvaltningslova § 16.
- Uttale frå løyvehavar skal ligge føre i alle instansar der sanksjonsreaksjonar skal handsamast, jfr. Forvaltningslova §§ 16, 17 og 19.
- Vedtak om inndraging vert gjort av kommunestyret etter tilråding frå administrasjonen.
- Kommunen bør iverksette vedtak om inndraging innan fire veker etter vedtaksdato.